

Folkestyret er noko å styre etter

Folk har fått presentert kommunesamanslåingar som ei løysing utan å få vite kva som skulle løysast.

Trudde vi at framtida vart vond, og at vi ville få det betre med samanslåing? Nei. For hadde vi trudd det, hadde resultata frå folkerøystinga vorte annleis. Når folket seier nei til samanslåing, fell også logikken bak reforma vekk. På same måte som ein må vere samd i eit problem, må ein vere samd i spelereglane for å finne løysinga på problemet.

Folket valde å halde fram som før i staden for samanslåing. Det bør kommunestyret styre etter. Det er ein del av folkestyret.

Grasrota. Den må ein tru og vere tru mot. Folket såg ikkje at samanslåing var ei løysing, og fordi det presenterte problemet var uklart, fell reforma saman. Tilliten til løysinga har smuldra vekk.

Det same lærte vi mellom anna i EF-kampen. Då skulle alt gå gale om ein heldt fram som før, men no kan vi vere glade for at folket sa klart nei den gongen. Regjeringa var for. Styresmaktene er alltid det, for det er dei som føreslår reformer og effektivisering gjennom til dømes samanslåingar. Hadde dei fått avgjere spørsmålet åleine, ville vi truleg betalt 17. mai-grauten med euro og sett ein ring av gullstjerner ved sidan av riksvåpenet.

Slik er også kommunereforma. Både folket og vi politikarar har altså fått presentert vage ord om moglege problem, ein bakgrunn, ramme eller premiss, kall det kva som helst, for å ta val. Problema er oppkonstruerte, og løysinga høver heller ikkje til det påståtte problemet. Her kjem mykje av essensen i folkestyret inn. Styresmaktene må styre etter dei spelereglane som folket vil skal gjelde for utfordringa som skal løysast. No har folkerøystingane vist med stort sannsyn at folket ikkje er samde nok i bakgrunnen og skildringa av problemet, til at det rettferdiggjør løysinga med å slå saman kommunane.

Det finst ikkje ei tydelegare temperaturmåling av utfordringar i samfunnet enn når tusenvis av innbyggjarar peikar i same retning – og spesielt når dei peikar i ei anna retning enn dei styrande. Denne folkeviljen skreiv vi ned i talane våre to dagar før valet, og dette er folkestyret.

Varaordførar Kristian Fuglseth, Folkelista for Hareid kommune